



Laurdag 8. august

Laurdag 8. august samarbeider Mardøla-2020 med Eikesdalsdagene som har sin tradisjonelle markedsdag med handverk, mat, konkurranser, underholdning og aktivitet for store og små.



Vi er veldig stolte av å kunne annonsere at gjengen i Rabalderfestivalen kjem for å lage liv og røre for barn!

Mardalskonserten 2020 byr på ISÅK i frå scena i Mardalen med sjølvaste fossen som bakteppe.

ISÅK

Ella Marie Hætta Isaksen
Daniel Eriksen
Aleksander Kostopoulos

Mardalskonserten 2020

Billetter på www.hoopla.no
Mardalen i Eikesdal 8. august 2020 kl 18.00

Desse støttar Mardøla-2020:



ERESFJORD OG VISTDAL FJELLSTYRE



Utviklingsfondet
for indre Nesset



Eikesdal sameige

Mars 2020



Mardøla-2020

50-års markering av

Mardøla-aksjonen i 1970

7.-8. august 2020

Meir info: <https://www.eresford.no/lag-org/mardola-2020>

STANS
ANLEGG-
BEIDET
MER OVER

STANS!
MARDØLA
SKAL FORTSATT
RENNE TIL
EIKESDALEN

ANLEGG-
MASKINER

Mardøla-2020

I vinter er det 40 år sidan Alta-aksjonen. Den største og mest markante aksjon for vern av natur og mot øydelegging av næringsgrunnlaget for samebefolkninga i Norge. Ti år før dette, i 1970 aksjonerte naturvernarar, akademikarar og lokale bygdefolk i fjellet over Mardalsfossen.

Ein ville stanse bygginga av anleggsvegen som var starten på utbygginga av Grytten-anlegget og tørrlegging av Mardalsfossen. På mange måtar var Mardøla-aksjonen ein forløpar for aksjonane i Alta og kan ha medverka til at bygdene i Masi i Finnmark ikkje vart neddemt.

Mardøla-aksjonen var første gongen ein kjenner til at urbane naturvernarar, bønder og bygdefolk gjekk saman i ein **ikkje-valdeleg sivil ulydnadsaksjon** i kamp for natur og naturressursar. Ja, dette skal vere den første aksjonen i sitt slag i verden. Fleire markante personar var med saman med bygdefolket i 1970, vi gjerne framheve filosofane Sigmund Kvaløy Setreng og Arne Næss.

Ved å løfte fram hendingane for 50 år sidan ynskjer vi ikkje berre å fortelje historia om aksjonen, men også sjå på korleis dette har innverka på samfunnsdebatten i tida etter og fram til dagens miljø- og klimadebatt.



Initiativet til å markere at det i 2020 er 50 år sidan Mardøla-aksjonen i 1970, kjem frå ei gruppe av fire privatpersonar/idealar som bur i Eikesdal og Eresfjord. Alle var unge i 1970 og hendingane den gongen var skjelsettjande for oss som for mange andre. Arrangementet skal vere i Eikesdal 7.-8. august 2020.

Arbeidsgruppa har som formål å samle og formidle informasjon om Mardøla-aksjonen og klassisk naturvern samt bidra til formidling om vern av natur i eit historisk og framtidretta perspektiv.

Vi vil med dette ynskje alle hjarteleg velkomne til Eikesdal 7. og 8. august 2020.

—
Marit, Per Even, Bjørn Magne og Turid

Mardøla-seminaret 7. august

Vi har samla ei gruppe ressurspersonar for å belyse faglege tema og debattere under seminaret:

- ♦ Arne Vinje om **Sigmund Kvaløy Setreng; Mardøla-aksjonen og økofilosofien.**
- ♦ Tidlegare justisminister Odd Einar Dørum tar for seg **sivil ulydnad og demokrati.** Dørum var leiar i Unge venstre i 1970 og han deltok i aksjonen på fjellet.
- ♦ Vi har **tidsvitne som var med på aksjonen som ungdommar i 1970.**
- ♦ Det blir fokus på **Naturfaglege konsekvensar av vasskraftutbygging.** Konsekvensar for jordbruk, fisk og natur ved aktivist bonde og elveeigar Per Even Opsal
- ♦ Det blir fokus på **Grøn vekst, Er det mogeleg?** ved Jostein Henriksen, redaktør for magasinet Oppstrøms.
- ♦ Frå Finnmark vil Svein Lund sjå på perspektivet ved tre aksjonar som han vil kalle: **Den første (Mardøla), den største (Alta) og den neste (står enno ope).**
- ♦ Direktør for forskings-institusjonen RURALIS, Svein Johan Frisvoll vil **samanfatte seminaret og sette dette i perspektiv.**
- ♦ **Programleiar er forfattar og journalist Svein Sæter.**

Bygdakveld med Eikesdal bygdalag

Det blir kulturelle innslag med mellom anna smakebit frå *Spelet om Mardøla* som er under planlegging. Opptreden av skuleborn frå Eresfjord og Eikesdal, Mardøla blues med Magne Lindholm, film og apellar.

Sagt under 40-års markeringa i 2010: Tidlegare justisminister Odd Einar Dørum, leder for Unge venstre og aksjonist i Sandgrovbøtne i 1970:

«Jeg vil si det slik, - det var en skjelssettende opplevelse som jeg har tatt med meg senere i livet. Av og til kan myndigeter være så tett i ørene at man ikke hører. I Norge tåler man ganske mye, men man tåler ikke å aldri bli hørt.»